

Administrasjonen gav følgjande svar:

“Søknaden frå Hardingsmolt AS er ikkje handsama etter forureiningslova enno. Biofish AS vart gjeve nytt utsleppsløyve med bakgrunn i søknaden i juli i år. I dette utsleppsløyveter det mellom anna sett følgjande krav: •

- Før utslepp til resipienten skal avløpsvatnet frå produksjonen reinsast. • Verksemda pliktar, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper, å unngå at driftafører til at det blir danna avfall. •
- Avfall som oppstår i verksemda skal primært brukast om att. •
- Oppsamla organisk produksjonsavfall som ikkje inneheld antibiotika skal så langt mogeleg utnyttast som ein ressurs. •
- Organisk produksjonsavfall som slam, død fisk, fôrrestar, m.m. skal handterast på ein slik måte at det ikkje oppstår fare for forureining. •
- Verksemda skal utarbeide ein plan for tiltak, inkludert alternativ disponering av slam, ved bådeplanlagt og ikkje planlagt driftsstans i slambehandlinga. •
- Verksemda skal ha eit system for energileiing som gjev kontinuerleg, systematisk og målrettavurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå ein mest mogeleg energieffektiv produksjon og drift.

Fylkeskommunen har ansvar for tildelingsforskriftene etter Akvakulturlova. For å få eit løyve etter Akvakulturlova er det eit ufråvikeleg krav om at ein må ha eit løyve etter forureiningslova. Løyve etter forureiningslova vert gjeve av Fylkesmannen. Det er og Fylkesmannen som fører tilsyn med verksemdar som har utsleppsløyve. “